

**MØTEPROTOKOLL – REPRESENTANTSKAPET I SKNG**

Møtedato	Tid	Møtestad
Torsdag 26. september 2024	Kl. 10.15-11.00	MS Teams

**Til stades på møtet:**

Medlemmer:	Edel Kveen (Skjåk), Kristian Frisvold (Lom), Monica Håskjold Eide (Sel), Aud Gjørwad (Dovre) og Oddvar Romundset (Lesja).
Varamedlemmer:	
Andre:	Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

**Saker som vart handsama:**

Sak 9/24	Årsbudsjett-2025 og økonomiplan 2025-28
Sak 10/24	Protokoll, orienteringar og referatsaker

**Andre opplysningar:**

Møteinnkalling:	18. september 2024
Møteleiar:	Edel Kveen
Referent:	Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

**Underskrifter:**

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i saksnummer 9 - 10/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

**Utskrift av protokoll til:**

Medlemmer og varamedlemmer i representantskapet for SKNG.  
Ordfører, kommunedirektør og kontrollutvalsleiar i kommunene Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk.

<b>Møtedato:</b>	<b>Journalnr.:</b>	<b>Saksnr.:</b>	<b>Saksbehandler:</b>
Torsdag 26.9.2024	229/24	9-10/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

### Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Møteleiar Edel Kveen og Monica Håskjold Eide vart valgt til å signere protokollen.

## **Sak 9/24 Årsbudsjett-2025 og økonomiplan 2025-28**

### **Saksutgreiing**

#### **Vedlegg**

- Forslag til årsbudsjett-2025

#### **Bakgrunn**

I fylgje samarbeidsavtale § 3 skal representantskapet handsame og sørge for årsbudsjett og økonomiplan for komande 4 år.

Vidare seier samarbeidsavtala i § 7 økonomi:

1. SKNG sine driftskostnader blir fordelt med 1/6 på kvar deltakarkommune
2. Årsbudsjett og økonomiplan skal oversendast deltarkommunane innan 1.10 og innarbeidast i kommunane sine budsjett for kontrollarbeid.

#### **Fakta**

Budsjettforslaget tar utgangspunkt i samme nivå driftsutgifter som tidlegare år og 100 % sekretariatsleder. Økonomiavdelingen vil kvalitetssjekke lønnsutgiftene m.a. pensjon, og evt. endringer i forhold til forslaget blir lagt fram i møtet.

Økonomiplanen har samme nivå i heile perioda.

### **Forslag til vedtak**

Representantskapet vedtek det framlagte forslaget for årsbudsjett-2025. Driftskostnader blir fordelt med kr 204.000 pr. deltakarkommune.

Representantskapet vedtek fylgjande økonomiplan (i tusen kroner og 2024-kroneverdi)

	2025	2026	2027	2028
Lønnskostnader	1043	1043	1043	1043
Driftskostnader	181	181	181	181
Til fordeling 6K	1224	1224	1224	1224
Pr. kommune	204	204	204	204

## Møtehandsaming

Informasjon om at ordførarar og kommunedirektørar skal ha møte for å drøfte budsjett for interkommunale samarbeid. Forlag om 2 % budsjettreduksjon (i forhold til sist godkjente budsjett) for alle samarbeid.

Edel Kveen sette fram tilleggsforslag:

Møte- og reisegodtgjering til representantskapet blir utbetalt frå kvar kommune.

Lønnskostnader i budsjett og økonomiplan blir dermed redusert med ca 10.000 kr.

Forslag til budsjett med tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Representantskapet vedtek det framlagte forslaget for årsbudsjett-2025.

Møte- og reisegodtgjering til representantskapet blir utbetalt frå kvar kommune.

Driftskostnader blir fordelt med kr 202.400 pr. deltakarkommune.

Representantskapet vedtek fylgjande økonomiplan (i tusen kroner og 2024-kroneverdi)

	2025	2026	2027	2028
Lønnskostnader	1033	1033	1033	1033
Driftskostnader	181	181	181	181
Til fordeling 6K	1224	1224	1224	1224
Pr. kommune	202	202	202	202

## Sak 10/24 Protokoll, orienteringer og referatsaker

### **Protokollar**

- Møteprotokoll 20. august 2024

### **Orienteringar/referatsaker**

- Sekretariatet orienterte om fellesmøtet for kontrollutvala i 6K og pågåande arbeid.
- Markering for å takke av Hilde Holden.

## Vedtak

Protokoll frå representantskapsmøte 20. august er godkjent.

Orienteringar og referatsaker tatt til etterretning.

*Atte 16/10-24 Hilde Holden*

Side 3

*Edel Kveen*